



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 18

(2000-2001)

**Om samtykke til godkjenning av
avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av
10. november 2000 om endring av
protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking
frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet
sitt program for forvaltingsnett
(IDA-programmet)**

*Tilråding frå Utenriksdepartementet av 17. november 2000,
godkjend i statsråd same dagen.*

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

1 Bakgrunn

Avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 gjeld innlemming i EØS-avtala av Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet). Programmet blei skipa ved europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar og europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett tiltak og åtgjerder for å sikre samverknadsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjonar (IDA). IDA er EU-programmet som skal lette den elektroniske utvekslinga av data mellom forvaltningane i EU og med institusjonane i EU. Dette skjer delvis ved tilskot til utvikling av nye telematikkløysingar innanfor prioriterte fagsektorar og politikkområde, og ved framskaffing av felles kommunikasjonsnett og tenester.

IDA-programmet, som varar i 5 år og tok til å gjelde 3. august 1999, bygger på to rettsakter frå Europaparlamentet og Rådet, som vert viste til som *sektorvedtaket* eller vertikale tiltak med retningslinjer for prosjekt av felles interesse (europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999) og *interoperabilitetsavgjerda* eller fellestiltak av horisontal karakter (europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF av 12. juli 1999). Statar utanfor EU vil og kunne ta del med status som observatør når dei gjev økonomisk støtte til IDA.

EFTA-statane i EØS vart med i det førre IDA-programmet mot slutten av den tida det varte, så seint som i 1997. I ein interimperiode med utfasing av det gamle programmet og førebuingar til nytt IDA-program har Noreg teke del med observatørstatus. På mange av dei sektorområda som får støtte av det nye IDA-programmet, medverkar Noreg gjennom EØS-avtala.

Norsk deltaking i rammeprogrammet fører med seg ei plikt til å løyve midlar over fleire år. Då EØS-komiteen vedtok å innlemme programmet i EØS-avtala, informerte Noreg difor dei andre avtalepartane om at forfatningsrettslege krav må vere stetta i Noreg før avgjerda vil verte bindande.

Norsk omsetjing av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 og offisiell norsk omsetjing av europaparlamentets- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 og europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF av 12. juli 1999 følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

2 Nærmare om programmet

Føremålet med IDA-programmet er å ta i bruk ein moderne infrastruktur og felles tenester for utveksling av informasjon mellom forvaltingane i EU anten dei er nasjonale eller regionale, og eventuelt mellom desse forvaltingane og felleskapsorgan. Programmet skal lette datautvekslinga på ei rekkje prioriterte sektorområder, t.d. innanfor statistikk, helse- og lækjemiddelkontroll, veterinærkontroll, trygd og pensjon, arbeidsmarknad, miljøvern m.m. Programmet støttar opp under dei sektorvise løysingane med ei rekkje horisontale tiltak, m.a. felles kommunikasjonsløysingar og tenester som alle sektorane kan bruke, t.d. e-post og sikker dokumentutveksling.

Programmet er organisert med ein programkomité og grupper av sakkunnige som kvart år utarbeider eit meir detaljert arbeidsprogram og avgjer kva tiltak som skal prioriterast. EU vil evaluere programmet sitt annakvart år. Etter føresegnene i IDA-programmet skal all datautveksling mellom EU og medlemsstatane gjennomgåast for å avgjere om fellesløysingane frå IDA-programmet vert utnytta. Det legges opp til at isolerte sektorløysingar over tid verte lagde om, slik at felles infrastruktur og tenester vert utnytta på ein mest mogleg standardisert og økonomisk tenleg måte som byggjer på tilbodet i marknaden.

Infrastrukturen i IDA-programmet vil verte bygd opp med eitt eller nokre få tilknytningspunkt for kvar stat. I Noreg blir det lagt opp til at forvaltingsnettet til EU i utgangspunktet skal få eitt tilkoplingspunkt til det statlege tverrsektorielle nettet hos Statens forvaltingsteneste.

Innan ramma av programmet blir det lagt opp til at ein nasjonal sakkunnig skal verte knytt til EU-kommisjonen.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

3 Avgjerda i EØS-komiteen

Som eit ledd i det innbyrdes samarbeidet i EØS vedtok EØS-komiteen 10. november å endre protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking for EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett.

Avgjerda inneheld ei innleiing og fire artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala, og spesielt til artikkel 86 og 98, som gjer det mogleg å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjonar og europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF av 12. juli 1999 om vedtaking av eit sett tiltak og åtgjerdar for å sikre samverknadsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjonar, skal takast inn i protokoll 31 artikkel 17 nr. 4 som nye strekpunkt.

Artikkel 2 gjer nærmare greie for prosjekt av felles interesse, og kva horisontale tiltak og verkemiddel som vert omfatta av samarbeidet.

Artikkel 3 fastset at avgjerda tek til å gjelde 15 desember 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har fått melding om at alle forfatningsrettslege krav for godkjenning av avgjerda er stetta i samsvar med artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Artikkel 4 seier at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-delen av og EØS-tillegget til Tidend for Dei europeiske fellesskapa.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

4 Vurderingar

IDA støttar ei rekke prosjekt på sektorområde der Noreg tek del i EØS-samanheng, og der kommunikasjonsnett og datautveksling er ein føresetnad. Det er viktig for Noreg å delta i dette programmet fordi vi ved utvidingar av samarbeidet med EU tidligere har hatt røynsle med at det har meldt seg vanskar i tingingane på nye sektorområde når det har vore uklart om Noreg tek del i IDA-programmet.

I Noreg blir det lagt opp til at programmet blir gjennomført ved at dataflyten (dokument, meldingar osv.) til aktuelle departement og etatar vil bli formidla vidare internt i Noreg i det tverrsektorielle statlege nettet, som vert drive av Statens forvaltingsteneste. Dette kan gje innsparingar på nasjonal side ved at det vert lettare å få gjennomført sektorløysingar i lys av felles, sikker infrastruktur.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

5 Administrative og økonomiske konsekvensar

IDA-programmet har hatt ei budsjetttramme på 24 millionar euro per år. EU vil truleg halde ei tilsvarande ramme for slutten av programmet. Dette inneber at den norske delen av kostnadene vil verte på om lag 3,4 millionar kroner per år medrekna kostnader til ein nasjonal sakkunnig.

Arbeids- og administrasjonsdepartementet har ansvaret for den norske deltakinga i programmet. Av totalbudsjettet for IDA-programmet har EU sett av snaut halvparten til felles horisontale tiltak. Departementet vil finansiere ein tilsvarande del av kontingenten over sitt budsjett. Resten av budsjettet støttar ulike sektortiltak og vert finansiert med fordeling på dei departement som deltar, etter fastlagt fordelingsprinsipp. Det vil være opp til sektorstyresmaktene å ta stilling til deltaking i dei ulike prosjekta i IDA. Det vil verte skipa ei referansegruppe der representantar frå dei aktuelle sektorområda kan gje innspel som skal formidlast til styringskomiteen frå IDA.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

6 Konklusjon og tilråding

Dei same vilkåra for tilknytning som no vert opna for EFTA/EØS-statane, vert òg gjorde tilgjengelege for statar utanfor EU, medrekna nye søkjarstatar til unionen. Arbeids- og administrasjonsdepartementet meiner at det difor er naudsynt og føremålsteneleg for Noreg å vere knytt til den same infrastrukturen for datautveksling innan EU slik dette nettet vert utvikla m.a. i nært samarbeid med nabostatane våre. Utanriksdepartementet er samd i dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet), i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

**Forslagtil vedtak om samtykke til
godkjenning av avgjerd i EØS-
komiteen nr. 100/2000 av 10.
november 2000 om endring av
protokoll 31 til EØS-avtala om
deltaking frå EFTA/EØS-statane i
Fellesskapet sitt program for
forvaltingsnett
(IDA-programmet)**

I

Stortinget samtykker i godkjenning av EØS-komitéavgjerd nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtale om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsrett (IDA-programmet).

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Vedlegg 1

EØS-komiteens beslutning nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter

EØS-KOMITEEN HAR -

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, justert ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 86 og 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens protokoll 31 er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. 98/97 av 12. desember 1997 ¹⁾

1. Rådsavgjerd 95/468/EF av 6. november 1995 om fellesskapsstøtte til telematisk datautveksling mellom administrasjoner i Fellesskapet (IDA) ble innlemmet i avtalen ved EØS-komiteens beslutning nr. 98/97.

2. Rådsavgjerd 95/468/EF ble opphevet av EF-domstolen 28. mai 1998.

3. Virkningene av tiltak truffet av Kommisjonen på grunnlag av rådsavgjerd 95/468/EF før den ble opphevet av EF-domstolen opprettholdes.

4. Samarbeidet mellom avtalepartene bør utvides til å omfatte et sett retningslinjer, herunder fastlegging av prosjekter av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjoner (IDA) (europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF) ²⁾

og et sett tiltak og virkemidler for å sikre samvirkingsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjoner (IDA) (europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF) ³⁾

5. Avtalens protokoll 31 bør derfor endres for å gjøre et slikt utvidet samarbeid mulig fra den dag nevnte fellesskapsrettsakter trådte i kraft -

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens protokoll 31 artikkel 17 nr. 4 gjøres følgende endringer:

1.	Det innledende punktum skal lyde
	«Følgende fellesskapsrettsakter omfattes av denne artikkel:».
2.	Nye strekpunkter skal lyde

¹⁾ EFT L 193 av 9.7 1998, s. 55, og EØS-tillegget til EFT nr. 27 av 9.7 1998, s. 107.

²⁾ EFT L 203 av 3.8 1999, s. 1.

³⁾

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

«-	399 D 1719: Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjonar (IDA) (EFT L 203 av 3.8 1999, s. 1),
-	399 D 1720: Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF av 12. juli 1999 om vedtaking av eit sett tiltak og åtgjerder for å sikre samverknadsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjonar (IDA) (EFT L 203 av 3.8 1999, s. 9).»

Artikkel 2

Følgende tilføyes på slutten av tillegg 3 til avtalens protokoll 31:

«I. PROSJEKTER AV FELLES INTERESSE

EFTA-statene skal delta i følgende prosjekter av felles interesse på området transeuropeiske nett for datautveksling mellom administrasjoner i henhold til artikkel 3 nr. 1 i europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF:

A. GENERELT

- Opprettelse av de nett som er nødvendige for at de europeiske byråer og organer skal kunne utøve sin virksomhet, og til støtte for den rettslige ramme som følger av opprettelsen av de europeiske byråer.
- Opprettelse av nett på tiltaksområder knyttet til fri bevegelighet for personer, i den utstrekning det er nødvendig for å støtte tiltak truffet av partene i denne avtale i henhold til avtalen.
- Opprettelse av de nett som innenfor rammen av denne avtale og under uforutsette omstendigheter er umiddelbart nødvendige for å støtte tiltak truffet av partene i denne avtale blant annet for å verne menneskers, dyrs og planters liv og helse, europeiske forbrukeres rettigheter, levevilkårene for personer innenfor Det europeiske økonomiske samarbeidsområde eller avtalepartenes grunnleggende interesser.

B. SÆRLIGE NETT TIL STØTTE FOR ØMU SAMT FELLESSKAPETS POLITIKK OG VIRKSOMHET

- Telematikknett i forbindelse med fellesskapsfinansiering, bl.a. med sikte på å opprette et grensesnitt til eksisterende kommisjonsdatabaser for å lette tilgangen til Fellesskapets finansieringskilder for europeiske organisasjoner, særlig SMB.
- Telematikknett på statistikkområdet, bl.a. med hensyn til innsamling og distribusjon av statistiske data.
- Telematikknett på området publisering av offisielle dokumenter.
- Telematikknett i industrisektoren, bl.a. med hensyn til utveksling av opplysninger mellom administrasjoner med ansvar for industri-spørsmål og mellom slike administrasjoner og industriforbund, utveksling av data om typegodkjenning av motorvogner mellom administrasjoner samt tjenester for å forenkle og forbedre prosessene ved utfylling av skjemaer til det offentlige.
- Telematikknett på området konkurransepolitikk, bl.a. ved gjennomføring av forbedret elektronisk datautveksling med nasjonale administrasjoner for å gjøre informasjons- og samrådsordningene mer effektive.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- Telematikknett på områdene kultur, informasjon, kommunikasjon og audiovisuell sektor, bl.a. for å utveksle informasjon om problemstillinger knyttet til innholdet i åpne nett, og for å fremme utvikling og fri formidling av nye audiovisuelle tjenester og informasjonstjenester.
- Telematikknett i transportsektoren, bl.a. til støtte for utveksling av data om førere, kjøretøyer og transportører.
- Telematikknett på områdene turisme, miljø, forbrukervern og vern av forbrukernes helse til støtte for informasjonsutveksling mellom partene i denne avtale.

C. MELLOMINSTITUSJONELLE NETT

- Telematikknett til støtte for informasjonsutveksling mellom institusjoner, bl.a.
 - for å fremme flerspråklighet i informasjonsutvekslingen mellom institusjoner, metoder til forvaltning av oversettelsesoppdrag og oversettelsesverktøy, deling/utveksling av flerspråklighetsressurser og tilrettelegging av felles tilgang til terminologibaser, og
 - med hensyn til felles håndtering av dokumenter mellom europeiske byråer og organer og de europeiske institusjoner.

D. GLOBALISERING AV IDA-NETT

- Utvidelse av IDA-nett til også å omfatte EØS, EFTA, sentral- og øst-europeiske land og andre assosierte land samt G7-landene og internasjonale organisasjoner, særlig med hensyn til nett på områdene trygd, helsepleie, legemidler og miljø.

II. HORIZONTAL TILTAK OG VIRKEMIDLER

EFTA-statene skal delta i følgende horisontale tiltak og virkemidler for å sikre samvirkingsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom administrasjoner (IDA) i henhold til europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/EF:

- Fellestjenester
- Felles verktøy og teknikker
- Samvirkingsevne for informasjonsinnhold
- Juridisk og sikkerhetsmessig referansepraksis
- Kvalitetssikring og kvalitetskontroll
- Samvirkingsevne med nasjonale og regionale initiativer
- Spredning av beste praksis.»

Artikkel 3

Denne beslutning trer i kraft 15. desember 2000, forutsatt at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1 ⁴⁾

Den får anvendelse fra 3. august 1999.

⁴⁾ Forfatningsrettslige krav angitt.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Artikkel 4

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *De Europeiske Fellesskaps Tidende*.

Utferdiget i Brussel, 10. november 2000.

For EØS-komiteen	
Formann	
G.S. Gunnarsson	
EØS-komiteens sekretærer	
P.K. Mannes	E. Gerner

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltingar (IDA)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 156 nr. 1,

med tilvising til framlegget frå Kommissjonen ⁵⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet ⁶⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet ⁷⁾,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten ⁸⁾, og ut frå desse synsmåtane:

1. I resolusjonen sin av 20. juni 1994 ⁹⁾ streka Rådet under at datautvekslinga mellom forvaltingar må samordnast.
2. I resolusjonen sin av 21. november 1996 ¹⁰⁾ fastsette Rådet nye politiske prioriteringar med omsyn til informasjonssamfunnet.
3. I meldinga si av 19. juli 1994 gjorde Kommissjonen framlegg om ein handlingsplan for informasjonssamfunnet.
4. Kommissjonen har gjort framlegg om ein handlingsplan for den felles marknaden.
5. I resolusjonen sin av 12. juni 1997 ¹¹⁾ oppmoda Europaparlamentet Den europeiske unionen og medlemsstatane om å gjere tiltak med omsyn til utvikling og bruk av ny informasjon- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i dei neste ti åra.
6. Ved vedtak nr. 2717/95/EF ¹²⁾ vedtok Europaparlamentet og Rådet eit sett retningslinjer for utvikling av EURO-ISDN til eit transeuropeisk nett.
7. Ved vedtak nr. 1336/97/EF ¹³⁾ vedtok Europaparlamentet og Rådet eit sett retningslinjer for transeuropeiske telenett.

⁵⁾ TEF C 54 av 21.2 1998, s. 3, og TEF C 23 av 28.1 1999, s. 8.

⁶⁾ TEF C 214 av 10.7 1998, s. 33.

⁷⁾ TEF C 251 av 10.8 1998, s. 1.

⁸⁾ Europaparlamentsfråsegn av 18. november 1998 (TEF C 379 av 7.12 1998, s. 68), felles haldning frå Rådet av 21. desember 1998 (TEF C 55 av 25.2 1999, s. 1) og europaparlamentsavgjerd av 13. april 1999 (TEF C 219 av 30.7 1999). Rådsavgjerd av 21. juni 1999.

⁹⁾ TEF C 181 av 2.7 1994, s. 1.

¹⁰⁾ TEF C 376 av 12.12 1996, s. 1.

¹¹⁾ TEF C 200 av 30.6 1997, s. 196.

¹²⁾ TEF L 282 av 24.11 1995, s. 16.

¹³⁾ TEF L 183 av 11.7 1997, s. 12.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

8. For å kunne verkeleggjere Den økonomiske og monetære unionen og gjennomføre fellesskapspolitikk og -tiltak må forvaltningane i medlemsstatane og Fellesskapet ha tilgang til, utveksle og handsame aukande mengder informasjon.
9. For å kunne utøve den avgjerdsmakta som dei er gjevne, må fellesskapsorganane ha tilgang til, utveksle og handsame aukande mengder informasjon.
10. Ei fullgod, effektiv og sikker utveksling av informasjon som kan handsamast vidare, krev tilgang til integrerte datakommunikasjonssystem, heretter kalla «telematikknett».
11. Dei transeuropeiske telenetta for forvaltningar er telematikknett som knyter saman informasjonssystema til forvaltningane i medlemsstatane og Fellesskapet over heile Europa.
12. Det at den indre marknaden verkar tilfredsstillande, og at hindringane for kommunikasjon mellom offentlege forvaltningar og den private sektoren vert fjerna, er viktige faktorar for framgangen og konkurranseevna til industrien i Fellesskapet.
13. Bruken av telematikknett kan medverke til å verne dei finansielle interessene til Fellesskapet, og til å motarbeide svik.
14. Ved utviklinga av dei felles prosjekta som medlemsstatane set i verk på område som er omfatta av traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet som følgje av Amsterdam-traktaten, og på andre område som er omfatta av traktaten om Den europeiske unionen, i tillegg til alle andre tiltak som dei eventuelt kan gjennomføre for å nå måla i traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 3 bokstav d) og artikkel 14, 18 og 39, bør dei ta omsyn til dei telematikknetta som er utvikla innanfor ramma av fellesskapstiltak.
15. Det kan verte naudsynt å endre og utvikle telematikknetta i samband med førebuinga til ei utviding av Den europeiske unionen.
16. Lydhøyre og opne offentlege forvaltningar vil oppmuntre borgarane i Den europeiske unionen til å dra nytte av informasjonssamfunnet.
17. Fellesskapet nyttar eller dreg nytte av dei telematikknetta som medverkar til gjennomføring av fellesskapspolitikken og -tiltaka, av kommunikasjon mellom organa og av Den økonomiske og monetære unionen.
18. Skipinga av slike nett ei oppgåve både for Fellesskapet og for medlemsstatane.
19. For å oppnå stordriftsføremoner og auke nytten av slike nett er det viktig å gjere mest mogleg bruk av standardar, offentleg tilgjengelege spesifikasjonar og open programvare for å sikre smidig samverknadsevne.
20. Desse netta bør gjennom ei samordna utvikling førast saman til eit felles telematikkgrensesnitt mellom Fellesskapet og medlemsstatane.
21. For å gjere effektiv bruk av dei finansielle midlane til Fellesskapet må kostnadene ved slike nett fordelast på ein rimeleg måte mellom medlemsstatane og Fellesskapet, samstundes som unaudsynleg auke i utstyrsmengd, overflødige granskingar og bruk av ulike framgangsmåtar må unngåast.
22. I prinsippet skal kvar medlemsstat bere kostnaden ved si eiga gjennomføring av IDA-prosjekt og -tenester.
23. Difor må det fastleggjast særlege retningslinjer som skal gjelde for alle slike nett, og ei særleg finansiell ramme for prosjekt som er av felles interesse i samsvar med desse retningslinjene.
24. I samsvar med nærleiksprinsippet og prinsippet om rimeleg samhøve slik det er nemnt i artikkel 5 i traktaten, kan ikkje målet med skipinga av slike

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

nett nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og kan difor på grunn av omfanget eller verknadene av det framlagde tiltaket, betre nåast på fellesskapsplan. Det framlagde tiltaket går ikkje lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.

25. Gjennomføringa av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og assosieringsavtalene med Det europeiske fellesskapet krev at dei aktuelle telematikknetta vert endra og betra.
26. Telematikknett og elektronisk kommunikasjon har ein ibuande internasjonal dimensjon.
27. Dei tiltaka som tek sikte på å sikre samverknadsevna til telematikknetta mellom forvaltningar, er i samsvar med dei prioriteringane som er vedtekne i samband med retningslinjene for transeuropeiske telenett.
28. Det er sett i verk tiltak i samsvar med rådsavgjerd 95/468/EF av 6. november 1995 om fellesskapstøtte til telematisk datautveksling mellom administrasjonar i Fellesskapet (IDA) ¹⁴⁾
. Domstolen oppheva avgjerd 95/468/EF 28. mai 1998. Verknadene av dei tiltaka som Kommisjonen har gjort på grunnlag av denne avgjerda før ho vart oppheva av Domstolen, vert haldne ved lag.
29. I dette vedtaket er det fastsett ei finansiell ramme som i medhald av punkt 1 i fråsegna frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen av 6. mars 1995 ¹⁵⁾
, er det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga.
30. 20. desember 1994 kom det i stand ein *modus vivendi* mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om gjennomføringstiltaka for rettsakter som er vedtekne etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten ¹⁶⁾

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Verkeområde og mål

1. Fellesskapet skal i samarbeid med medlemsstatane vere verksamt på området transeuropeiske telematikknett for forvaltningar og gjere dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, og som har følgjande mål:
 - a) skipe verksame og samverkande transeuropeiske telematikknett mellom forvaltningane i medlemsstatane, anten dei er nasjonale eller regionale, og eventuelt mellom desse forvaltningane og fellesskapsorgan og -institusjonar, slik at det vert mogleg å utveksle informasjon på ein fullgod, effektiv og sikker måte med sikte på å støtte skipinga av Den økonomiske og monetære unionen, og med sikte på at medlemsstatane og Fellesskapet kan gjennomføre den fellesskapspolitikken og dei fellesskapstiltaka som er nemnde i artikkel 3 og 4 i traktaten, på dei

¹⁴⁾ TEF L 269 av 11.11 1995, s. 23.

¹⁵⁾ TEF C 102 av 4.4 1996, s. 4.

¹⁶⁾ TEF C 102 av 4.4 1996, s. 1.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- høvesvise ansvarsområda sine, samstundes som det vert teke omsyn til det arbeidet som alt er sett i gang innanfor eksisterande program i Fellesskapet eller i medlemsstatane,
- b) skippe integrerte telematikknett for å lette kommunikasjonen mellom fellesskapsinstitusjonane og støtte avgjerdsprosessen i Fellesskapet.

2. Dette vedtaket omfattar alle nett under IDA-programmet.

Artikkel 2

Definisjonar

I dette vedtaket tyder

- a) «telematikknett» eit omfattande datakommunikasjonssystem som ikkje berre femner om fysisk infrastruktur og koplingar, men òg om dei tenesene og brukarprogramma som byggjer på denne infrastrukturen og såleis gjer det mogleg med elektronisk informasjonsutveksling mellom organisasjonar og einskildpersonar,
- b) «IDA-nett» eit transeuropeisk telematikknett for forvaltningar som er skipa eller utvikla vidare innanfor ramma av dette vedtaket. Eit slikt nett vert skipa på initiativ frå Fellesskapet i eigenskap av å vere brukar av nettet, deltakar i nettet eller fordi det dreg nytte av nettet og dermed har interesse av å sikre at det vert sett i verk,
- c) «sektornett» eit transeuropeisk telematikknett for forvaltningar, eller eit sett tenester og brukarprogram som er særskilt meint for å setje i verk eller lette den forvaltingsmessige gjennomføringa av ein særskild fellesskapspolitikk, eit særskild fellesskapstiltak eller eit særskild fellesskapsmål, heretter kalla ein «forvaltingssektor»,
- d) «IDA-prosjekt» eit sett innbyrdes samanhengande tiltak som er gjorde eller førde vidare innanfor ramma av dette vedtaket, slik det er oppført i vedlegget, og som gjeld skiping eller utvikling av sektornett.

Artikkel 3

Prosjekt av felles interesse

1. For å nå dei måla som er nemnde i artikkel 1, skal Fellesskapet og medlemsstatane gjennomføre prosjekt som er av felles interesse, slik det er fastsett i vedlegget.
2. Desse prosjekta skal gjennomførast i samsvar med IDA-arbeidsprogrammet og dei overordna gjennomføringsplanane som det er gjort greie for i artikkel 5.

Artikkel 4

Prioriteringar

Når det gjeld utforminga av IDA-arbeidsprogrammet og tildeling av finansielle midlar frå Fellesskapet til IDA-prosjekt, skal dei prosjekta prioriterast som

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

betrar den økonomiske stillinga til offentlege forvaltningar, til organa i Det europeiske fellesskapet, til medlemstatane og til regionane, og som ved skipinga eller utviklinga av eit sektornett

- a) medverkar direkte til å fjerne hindringane for fritt varebyte og fri rørsle for personar, tenester og kapital, eller
- b) medverkar direkte til at Den økonomiske og monetære unionen vert gjennomført på ein vellukka måte eller verkar tilfredsstillande, eller
- c) fremjar samarbeid fellesskapsorganana imellom og mellom fellesskapsorganana og dei nasjonale og regionale forvaltningane, medrekna dei nasjonale og regionale parlamenta, eller
- d) medverkar til å verne dei finansielle interessene til Fellesskapet og medlemsstatane, eller til å kjempe mot svik, eller
- e) lettar førebuinga av ei utviding av Den europeiske unionen, eller
- f) lettar den industrielle konkurransevna til Fellesskapet, særleg konkurransevna til små og mellomstore verksemdar, eller
- g) gagnar personar i Den europeiske unionen.

Artikkel 5

Hovudlinjer for gjennomføringa

1. Gjennomføringa av IDA-prosjekt skal følgje dei prinsippa som er fastsette i denne artikkelen.
2. Gjennomføringa av eit IDA-prosjekt krev eit rettsleg grunnlag. Med omsyn til dette vedtaket vert eit IDA-prosjekt rekna for å støtte dette kravet når det aktuelle nettet eller dei aktuelle netta lettar kommunikasjonen mellom forvaltningar innanfor ramma av gjennomføringa av éi eller fleire fellesskapsrettsakter.
Det første leddet skal ikkje nyttast på prosjekt som lettar kommunikasjonen mellom organa eller avgjerdsprosessen i Fellesskapet, eller på felles tiltak til støtte for to eller fleire IDA-prosjekt.
3. IDA-prosjekta skal omfatte alle tiltak som er naudsynte for skipinga eller utviklinga av sektornett, medrekna føregranskingar og førehandsdemonstrasjonar, skiping av arbeidsgrupper som er samansette av sakkunnige frå medlemsstatane og frå Fellesskapet, og eventuelt innkjøp av varer og tenester til Fellesskapet.
4. IDA-prosjekta skal omfatte ein innleiande fase, ein føregranskingsfase, ein utviklings- og valideringsfase og ein gjennomføringsfase.
Under den innleiande fasen skal det utarbeidast ein innleiande rapport om måla, verkeområdet og grunngevinga for prosjektet, og særleg om forventade kostnader og nytte, i tillegg til at det skal arbeidast for å sikre at deltakarane etter tilbørleg samråd får den naudsynte forståinga og interessa for prosjektet.
Under føregranskingsfasen skal det utarbeidast ein overordna gjennomføringsplan som skal omfatte
 - a) ei utgreiing om det nettet eller dei netta som er planlagde innanfor ramma av prosjektet med omsyn til mål, funksjonar, deltakarar og teknisk metode,
 - b) tildeling av roller og oppgåver til Fellesskapet og til medlemsstatane i den påfølgjande utviklings- og valideringsfasen og gjennomføringsfa-

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

sen,

- c) ei detaljert utgreiing om dei forventa føremonene og om kriteria for å vurdere desse føremonene etter gjennomføringsfasen,
- d) eit skjema der det er fastlagt ei rimeleg fordeling mellom Fellesskapet og medlemsstatane av drifts- og vedlikehaldskostnadene for dei aktuelle netta etter at gjennomføringsfasen er over.

Under utviklings- og valideringsfasen kan den løysinga som er lagd fram for det aktuelle nettet eller dei aktuelle netta, eventuelt utarbeidast, prøvast, vurderast og overvakast i ein mindre målestokk, og resultatane nyttast til å tilpasse den overordna gjennomføringsplanen tilsvarende.

Under gjennomføringsfasen skal det aktuelle nettet eller dei aktuelle netta skipast og kome i full drift i samsvar med den overordna gjennomføringsplanen.

- 5. IDA-prosjekt skal byggje på dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene som Fellesskapet gjennomfører innanfor ramma av europaparlaments- og rådsavgjerd 1720/1999/EF av 12. juli 1999 om vedtaking av eit sett tiltak og åtgjerdar for å sikre samverknadsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar (IDA)¹⁷⁾; det skal særleg nyttast felles allmenne tenester og felles brukarprogram der det er føremålstenleg.
- 6. Igangsetjinga og gjennomføringa av eit IDA-prosjekt, fastlegginga av fasane og av tekniske og funksjonelle brukarkrav for det nettet eller dei netta som er omfatta av eit slikt prosjekt, finn stad innanfor ramma av tilsvarende fellesskapspolitikk eller -tiltak, og vert kontrollerte i samsvar med den eventuelle gjeldande utvalsframgangsmåten.
Dersom det ikkje finst nokon framgangsmåte for sektorutval, skal Fellesskapet og medlemsstatane oppnemne sektorgrupper av sakkunnige som skal vurdere desse spørsmåla.
Kommisjonen skal sende konklusjonane frå desse sektorutvala eller gruppene av sakkunnige til det utvalet som er nemnt i artikkel 8, saman med framlegga sine om dei tiltaka som er nemnde i artikkel 7.
- 7. For kvart IDA-prosjekt skal det utarbeidast tekniske spesifikasjonar med tilvising til høvesvis europeiske standardar eller offentleg tilgjengelege spesifikasjonar, som t.d. opne internettstandardar, for såleis å sikre ein høg grad av samverknadsevne mellom nasjonale system og fellesskapsystem innanfor og mellom forvaltingssektorar og med den private sektoren. Når det gjeld offentlege innkjøp på området system og tenester innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), skal det takast særleg omsyn til fellesskapsretningslinjer og støtteverktøy på området standardisering.
- 8. Fastlegginga og gjennomføringa av kvart IDA-prosjekt skal byggje på eigna resultat som er oppnådde innanfor ramma av andre relevante fellesskapstiltak, særleg fellesskapsprogramma for forskning og teknologisk utvikling og fellesskapstiltaka på området transeuropeiske telenett.
- 9. Kvant IDA-prosjekt skal gjennomgå ei sluttvurdering, som skal utførast i samordning med medlemsstatane innanfor ramma av den aktuelle fellesskapspolitikken eller det aktuelle fellesskapstiltaket, og leggjast fram for

¹⁷⁾ TEF L 203 av 3.8 1999, s. 9.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

det rette sektorutvalet og for det utvalet som er nemnt i artikkel 8, innan eitt år etter at gjennomføringsfasen er avslutta. Denne vurderinga skal omfatte ein nytte- og kostnadsanalyse.

Artikkel 6

Finansielt tilskot frå Fellesskapet

1. Ved gjennomføringa av IDA-prosjekt skal Fellesskapet bere kostnader i høve til sine egne interesser i prosjekta.
2. Det finansielle tilskotet frå Fellesskapet skal fastsetjast for kvart IDA-prosjekt i samsvar med nr. 3-7. Dette tilskotet omfattar ikkje kostnader som kjem på dersom bruken av program eller spesifikasjonar som strir mot prioriteringane eller krava i dette vedtaket eller i europaparlaments- og rådsavgjerd 1720/1999/EF, held fram.
3. Under den innleiande fasen og føregranskingsfasen til eit prosjekt kan tilskotet frå Fellesskapet dekkje alle kostnader til dei naudsynte granskningane.
4. Under utviklings- og valideringsfasen og gjennomføringsfasen til eit prosjekt skal Fellesskapet bere kostnadene i samband med dei oppgåvene som det har fått tildelt innanfor ramma av den overordna gjennomføringsplanen for prosjektet.
5. I særskilde høve og i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 8, kan Fellesskapet ta på seg å dekkje ein del av kostnadene til éin eller fleire medlemsstatar i form av direkte tilskot, slik at desse medlemsstatane kan
 - a) gjere tiltak i samband med eit IDA-prosjekt eller -nett som vert rekna for å vere nyttige for andre deltakarar eller for andre IDA-prosjekt eller -nett,
 - b) betre eit system slik det synest naudsynt, slik at den overordna gjennomføringa av eit særskilt IDA-nett vert betre eller enklare.

Dei tilskota som er planlagde for kvart aktuelle IDA-prosjekt eller -nett og for det inneverande budsjettåret, skal fastleggjast i IDA-arbeidsprogrammet, som skal opplyse om høgste tillatne tilskotssummar, forventa føremoner for IDA-prosjekta og -netta, mål som skal nåast, kva forvaltingar i medlemsstatane som får tilskot, og kva oppgåver som skal finansierast ved hjelp av slike tilskot.

Bortsett frå i særskilde høve kan tilskota ikkje overstige halvparten av dei faktiske utgiftene som kvar mottakande medlemsstat har til gjennomføring av dei oppgåvene som tilskotet er gjeve til.

1. Fellesskapsfinansieringa som er fastsett ved dette vedtaket, fell bort når gjennomføringsfasen til eit IDA-prosjekt er avslutta. I særskilde høve og i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 8, kan vidare finansiering likevel tildelast i medhald av dette vedtaket for å dekkje alle eller delar av kostnadene til drift og vedlikehald av eit IDA-nett inntil utgangen av året etter det året då gjennomføringa vert avslutta.
2. Fellesskapet kan òg innanfor ramma av dette vedtaket og innan utgangen av 1999 bere kostnadene til drift og vedlikehald av dei IDA-netta som vert vidareførde i medhald av dette vedtaket, og som alt var i drift den dagen då dette vedtaket tok til å gjelde.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

3. Dei finansielle midlane som er fastsette i medhald av dette vedtaket, skal i prinsippet ikkje ystast til prosjekt eller fasar i prosjekt som får støtte frå andre finansieringskjelder i Fellesskapet.

Artikkel 7

Gjennomføring

1. Kommisjonen skal gjennomføre det fellesskapstiltaket som er fastlagt i artikkel 3-6.
2. Framgangsmåten i artikkel 8 skal, på grunnlag av samsvar med prioriteringane i artikkel 4 og prinsippa i artikkel 5, nyttast på godkjenning av den delen av IDA-arbeidsprogrammet som gjeld gjennomføring av dette vedtaket, og som Kommisjonen utarbeidar årleg. IDA-arbeidsprogrammet skal omfatte ei fordeling på ulike prosjekt av utgiftene for det føregående året eller tidlegare år.
3. Framgangsmåten i artikkel 8 skal, i samsvar med prinsippa i artikkel 5, nyttast på godkjenning av den innleiande rapporten og den overordna gjennomføringsplanen for kvart IDA-prosjekt ved utgangen av føregranskingsfasen og utviklings- og valideringsfasen, og på godkjenning av alle etterfølgjande vesentlege endringar av denne gjennomføringsplanen.
4. Framgangsmåten i artikkel 8 skal, på grunnlag av prioriteringane i artikkel 4 og prinsippa i artikkel 5 og 6, nyttast på godkjenning av fordelinga av dei årlege budsjettutgiftene på ulike prosjekt innanfor ramma av dette vedtaket. Eventuelle framlegg om budsjettendringar på meir enn 250 000 euro per prosjektområde gjennom eit år, skal òg handsamast etter denne framgangsmåten.
5. Dei tekniske spesifikasjonane for tilbodsinnbydingar som skal utferdast under gjennomføringa av dette vedtaket, skal fastleggjast i samordning med medlemsstatane dersom kontrakten er verd meir enn 500 000 euro.

Artikkel 8

Utvalsframgangsmåte

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval som er samansett av representantar for medlemsstatane og vert leidd av ein representant for Kommisjonen. Dette utvalet skal kallast «Utvalet for telematikk mellom forvaltningar» (TAC).
Leiaren skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som er fastsett i artikkel 205 nr. 2 i traktaten for avgjerdar som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommisjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vekt som er fastsett i den førnemnde artikkelen. Leiaren skal ikkje røyste.
Kommisjonen skal vedta tiltak som skal setjast i verk straks. Dersom tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet, skal Kommisjonen straks gje Rådet melding om dei.
I slike høve skal Kommisjonen utsetje iverksetjinga av dei tiltaka som han

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

har vedteke, i tre månader rekna frå den dagen då meldinga vart gjeven. Rådet kan med kvalifisert fleirtal ta ei anna avgjerd innan den fristen som er fastsett i førre leddet.

2. Kommisjonen skal kvart år leggje fram for TAC ein rapport om gjennomføringa av dette vedtaket.

Artikkel 9

Kontroll og vurdering

1. Kommisjonen skal annakvart år og i samordning med medlemsstatane gjere ei vurdering av gjennomføringa av dette vedtaket.
2. Vurderinga skal slå fast kva framsteg som er gjorde med omsyn til dei prosjekta av felles interesse som er oppførde i vedlegget. I lys av dei utgiftene som Fellesskapet har hatt, skal vurderinga òg omfatte ei gransking av dei føremonene som IDA-netta har tilført Fellesskapet, medlemsstatane, europeiske føretak og borgarane i Den europeiske unionen med omsyn til å utvikle ein felles politikk og institusjonelt samarbeid, i tillegg til ei fastlegging av område der det kan gjerast betringar og ei vurdering av overføringsverdien i høve til fellesskapstiltak på området trans-europeiske telekommunikasjonsnett.
3. Etter at TAC har granska henne, skal Kommisjonen sende vurderinga si over til Europaparlamentet og Rådet saman med eventuelle høvelege framlegg til endring av vedlegget. Vurderingane skal ikkje sendast over seinare enn budsjettframlegga for høvesvis 2001, 2003 og 2005.

Artikkel 10

Utviding til EØS og assosierte statar

1. Innanfor ramma av dei avtalene som dei har med Det europeiske fellesskapet, kan statane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa og Kypros ta del i IDA-programmet i prosjekt av felles interesse som er omfatta av desse avtalene.
2. I samband med gjennomføringa av prosjekt skal det oppmuntrast til samarbeid med tredjestatar og eventuelt med internasjonale organisasjonar eller organ.

Artikkel 11

Andre sektornett

1. Med omsyn til skiping eller utvikling av andre sektornett som ikkje er IDA-prosjekt (heretter kalla «andre sektornett»), skal medlemsstatane og Fellesskapet i samsvar med dei relevante føresegnene i regelverket til Fellesskapet om skipinga av desse sektornetta, syte for at nr. 2-6 vert stetta.
2. Dei andre sektornetta skal nytte seg av dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene som Fellesskapet gjennomfører innanfor ramma av europaparlaments- og rådsavgjerd 1720/1999/EF, med mindre desse tiltaka eller

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- åtgjerdene ikkje er eigna til å støtte dei krava som er fastlagde for dei andre sektornetta.
3. For kvart av dei andre sektornetta skal det utarbeidast tekniske spesifikasjonar med tilvising til høvesvis europeiske standardar eller offentleg tilgjengelege spesifikasjonar, som t.d. opne internettstandardar, for såleis å sikre ein høg grad av samverknadsevne mellom nasjonale system og fellesskapssystem innanfor og mellom forvaltingssektorar og med den private sektoren. Når det gjeld offentlege innkjøp på området system og tenester innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), skal det takast særleg omsyn til fellesskapsretningslinjer og støtteverktøy på området standardisering.
 4. Ved fastlegginga og gjennomføringa av kvart av dei andre sektornetta bør det leggjast vekt på å byggje på eigna resultat som er oppnådde innanfor ramma av andre relevante fellesskapstiltak, særleg fellesskapsprogramma for forskning og teknologisk utvikling og fellesskapstiltaka på området transeuropeiske telenett.
 5. Alle dei andre sektornetta skal gjennomgå ei sluttvurdering.
 6. Ved gjennomføringa av andre sektornett skal Fellesskapet bere kostnader i høve til sine eigne interesser i netta.
 7. Innan 3. oktober 1999 og deretter kvart år skal Kommisjonen leggje fram for TAC ein rapport om gjennomføringa av nr. 1-6. I denne rapporten skal Kommisjonen opplyse om alle relevante brukarkrav som hindrar andre sektornett i å dra nytte av dei allmenne tenestene som er nemnde i nr. 2, og drøfte om det er mogleg å tilpasse desse tenestene slik at dei stettar desse brukarkrava.

Artikkel 12

Finansiell ramme

Den finansielle ramma for gjennomføringa av det fellesskapstiltaket som er fastlagt i dette vedtaket, er 38,5 millionar euro for tidsrommet 1998-2000.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

Artikkel 13

Iverksetjing

Dette vedtaket vert kunngjort i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*. Det tek til å gjelde den dagen det vert kunngjort og gjeld fram til 31. desember 2004.

Artikkel 14

Adressatar

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 12. juli 1999.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

<i>For Europaparlamentet</i>	<i>For Rådet</i>
J. M. GIL-ROBLES	S. NIINISTÖ
<i>President</i>	<i>Formann</i>

Vedlegg

Prosjekt av felles interesse på området transeuropeiske nett for datautveksling mellom forvaltningar

Følgjande prosjekt vert rekna som prosjekt av felles interesse innanfor ramma av IDA-programmet:

A. Generelt

1. Utvikling og gjennomføring av telematikknett til støtte for Den økonomiske og monetære unionen og fellesskapspolitikken og -tiltaka (i samsvar med del B), informasjonsutveksling mellom organa (i samsvar med del C) og globalisering av IDA-nett (i samsvar med del D).
2. Vidareføring og betring av sektorprosjekt og sektornett som er skipa innanfor ramma av rådsavgjerd 95/468/EF, bortsett frå dei netta som er nemnde i del E.
3. Skiping av dei netta som krevst for at europeiske kontor og institusjonar skal fungere, og som er til støtte for den rettslege ramma for skipinga av desse europeiske kontora.
4. Skiping av nett i samband med den politikken som gjeld fri rørsle for personar, i den grad netta er naudsynte for å støtte tiltaka til Fellesskapet og/eller medlemsstatane innanfor ramma av traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet.
5. Skiping av nett som innanfor ramma av fellesskapspolitikken og -tiltaka, og under uventa omstende, er tvingande naudsynte for å støtte tiltaka til Fellesskapet og medlemsstatane, m.a. for å verne om livet og helsa til menneske, dyr og planter, rettane til europeiske forbrukarar, levevilkåra til personar i Den europeiske unionen eller dei grunnleggjande interessene til Fellesskapet.

B. Særskilde nett som er til støtte for Den økonomiske og monetære unionen og for fellesskapspolitikken og -tiltaka

1. Telematikknett som gjeld den økonomiske og monetære politikken, særleg for å lette kontrollen med at kriteria for økonomisk tilnærming og innføring av euroen vert stetta.
2. Telematikknett som gjeld utvidinga av Den europeiske unionen, særleg for gjennomføring av eit effektivt system for elektronisk kommunikasjon på den eine sida mellom omsetjingstenestene til Kommisjonen og Rådet, og på den andre sida mellom dei mellombels omsetjings-/revisjonskontora som kan verte skipa i kvar søkjarstat.
3. Telematikknett som gjeld regions- og utjamningspolitikken, særleg for å lette innsamlinga, forvaltninga og spreidinga av opplysningar om gjennomføringa av region- og utjamningspolitikken på sentralt og regionalt forvaltingsplan.
4. Telematikknett som gjeld fellesskapsfinansiering, særleg for å skape eit grensesnitt til eksisterande databasar i Kommisjonen med sikte på å lette

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

tilgangen for europeiske organisasjonar, særleg små og mellomstore føretak, til finansieringskjelder i Fellesskapet.

5. Telematikknett på området statistikk, særleg når det gjeld innsamling og spreiding av statistiske opplysningar.
6. Telematikknett på området offentleggjering av offisielle dokument.
7. Telematikknett i landbruks- og fiskerisektoren, særleg med omsyn til forvaltning av marknader for landbruksvarer og landbruksstrukturar, meir effektiv økonomistyring, utveksling av rekneskapsdata for driftseiningar i landbruket (RICA) mellom nasjonale organ og Kommisjonen, og kamp mot svik.
8. Telematikknett i industrisektoren, særleg med omsyn til informasjonsutveksling mellom forvaltningar som handsamar industrispørsmål og mellom desse forvaltningane og samanslutningar av føretak, datautveksling mellom forvaltningar med omsyn til typegodkjenning av motorvogner, og dessutan tenester som skal betre og forenkle framgangsmåtane for utfylling av skjema til forvaltningane.
9. Telematikknett som gjeld konkurransepolitikken, særleg med omsyn til gjennomføring av betre elektronisk datautveksling med dei nasjonale forvaltningane for å lette informasjons- og samrådsordningane.
10. Telematikknett på områda kultur, informasjon og kommunikasjon og på det audiovisuelle området, særleg for informasjonsutveksling som gjeld innhald på opne nett, og for å fremje utvikling og fri omsetnad av nye audiovisuelle tenester og informasjonstenester.
11. Telematikknett i transportsektoren, særleg for å lette datautveksling med omsyn til førarar, køyretøy og transportørar.
12. Telematikknett på området turisme, miljø, forbrukarvern og vern av helsa til forbrukarane for å lette informasjonsutvekslinga mellom medlemsstatar.

C. Nett mellom organ

Telematikknett som er til støtte for informasjonsutveksling mellom organa, særleg når det gjeld:

1. framgangsmåten for avgjerdstaking i Fellesskapet og spørsmål frå Parlamentet,
2. innføring av det telematikksambandet som er naudsynt mellom Kommisjonen, Europaparlamentet, andre europeiske organ og Rådet (medrekna nettstaden til det sitjande formannskapet i Den europeiske unionen og dei faste representasjonane til medlemsstatane),
3. fremjing av fleirspråksbruk i informasjonsutvekslinga mellom organa, betre styring av omsetjingsprosessen og bruk av støtteverktøy for omsetjing, felles handtering/utveksling av fleirspråklege ressursar og tilrettelegging av felles tilgang til terminologidatabasar,
4. felles handtering av dokument mellom europeiske kontor, organ og institusjonar.

D. Globalisering av IDA-nett

Utviding av IDA-nett til å omfatte EØS-statane og EFTA-statane, statane i Sentral- og Aust-Europa og dei andre assosierte statane, og dessutan G7-statane og internasjonale organisasjonar, særleg når det gjeld telematikknett på områda trygd, helsestell, lækjemiddel og miljø.

E. Andre sektornett

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Prosjekt som før vart finansierte gjennom IDA-programmet, og som no har si eiga fellesskapsfinansiering, kjem inn under gruppa «andre sektornett», som er nemnd i artikkel 11 i dette vedtaket.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Vedlegg 3

Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1720/1999/ EF av 12. juli 1999 om vedtaking av eit sett tiltak og åtgjerder for å sikre samverknadsevne mellom og tilgang til transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar (IDA)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR -

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 156,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen ¹⁸⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet ¹⁹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet ²⁰⁾

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten ²¹⁾, og ut frå desse synsmåtane:

1. I resolusjonen sin av 20. juni 1994 ²²⁾
streka Rådet under at datautvekslinga mellom forvaltningar må samordnast.
2. I resolusjonen sin av 21. november 1996 ²³⁾
fastsette Rådet nye politiske prioriteringar med omsyn til informasjonssamfunnet.
3. I meldinga si av 19. juli 1994 gjorde Kommisjonen framlegg om ein handlingsplan for informasjonssamfunnet.
4. Kommisjonen har gjort framlegg om ein handlingsplan for den felles marknaden.
5. I resolusjonen sin av 12. juni 1997 ²⁴⁾
oppmoda Europaparlamentet Den europeiske unionen og medlemsstatane om å gjere tiltak med omsyn til utvikling og bruk av ny informasjon- og kommunikasjonsteknologi (IKT) i dei neste ti åra.
6. Ved vedtak nr. 2717/95/EF ²⁵⁾
vedtok Europaparlamentet og Rådet eit sett retningslinjer for utvikling av EURO-ISDN til eit transeuropeisk nett.
7. Ved vedtak nr. 1336/97/EF ²⁶⁾
vedtok Europaparlamentet og Rådet eit sett retningslinjer for transeuro-

¹⁸⁾ TEF C 54 av 21.2 1998, s. 12, og TEF C 10 av 14.1 1999, s. 8.

¹⁹⁾ TEF C 214 av 10.7 1998, s. 33.

²⁰⁾ TEF C 251 av 10.8 1998, s. 1.

²¹⁾ Europaparlamentsfråsegn av 18. november 1998 (TEF C 379 av 7.12 1998, s. 74), felles haldning frå Rådet av 21. desember 1998 (TEF C 55 av 25.2 1999, s. 15) og europaparlamentsavgjerd av 13. april 1999 (TEF C 219 av 30.7 1999). Rådsavgjerd av 21. juni 1999.

²²⁾ TEF C 181 av 2.7 1994, s. 1.

²³⁾ TEF C 376 av 12.12 1996, s. 1.

²⁴⁾ TEF C 200 av 30.6 1997, s. 196.

²⁵⁾ TEF L 282 av 24.11 1995, s. 16.

²⁶⁾ TEF L 183 av 11.7 1997, s. 12.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

peiske telenett.

8. I rekommandasjonen sin av 7. april 1995 om ensartede kriterier for evaluering av informasjonsteknologisikkerhet²⁷⁾ gjekk Rådet inn for bruk av kriterium for evaluering av tryggleiken i samband med evaluerings- og sertifiseringsordningar.
9. For å kunne verkeleggjere Den økonomiske og monetære unionen, gjennomføre fellesskapspolitikk og -tiltak og fremje kommunikasjon mellom fellesskapsorgan og -institusjonar, må det skipast integrerte datakommunikasjonssystem, heretter kalla «telematikknett», mellom forvaltningar.
10. Slike nett må knyte saman både dei noverande og dei framtidige datahandsamingssystema til forvaltningane i medlemsstatane og i Fellesskapet over heile Europa, og utgjer difor transeuropeiske telenett for forvaltningar.
11. Eit effektivt samband mellom desse datahandsamingssystema krev ein størst mogleg grad av samverknadsevne mellom dei ulike systema og komponentane deira.
12. For å oppnå stordriftsføremoner og å auke nytten av slike nett er det viktig å gjere mest mogleg bruk av standardar, offentleg tilgjengelege spesifikasjonar og open programvare for å sikre smidig samverknadsevne.
13. Eit betre grensesnitt til offentlege forvaltningar vil oppmuntre borgarane i Den europeiske unionen til å dra nytte av informasjonssamfunnet.
14. Det at hindringane for kommunikasjon mellom offentlege forvaltningar og den private sektoren vert fjerna, er ein viktig faktor for framgangen og konkurranseevna til industrien i Fellesskapet.
15. Fellesskapet nyttar eller dreg nytte av dei telematikknetta som medverkar til gjennomføring av fellesskapspolitikken og -tiltaka, av kommunikasjon mellom organa og av Den økonomiske og monetære unionen.
16. Skipinga av slike nett er ei oppgåve både for Fellesskapet og for medlemsstatane.
17. For å gjere effektiv bruk av dei finansielle midlane til Fellesskapet må unaudsynleg auke i utstyrsmengd, overflødige granskingar og bruk av ulike framgangsmåtar unngåast.
18. Felles verktøy og teknikkar for brukarprogram i sektornett kan m.a. nyttast til handsaming og spreining av dokument, innsamling av data, fleirspråklege brukargrensesnitt og tryggleik med omsyn til elektronisk kommunikasjon.
19. Den beste måten å skipe og drive desse netta på, samstundes som det vert teke omsyn til kostnadseffektivitet, skjønsemd, fleksibilitet og evne til å tilpasse seg den teknologiske utviklinga, er å nytte ein marknadsretta framgangsmåte, og følgeleg velje ut leverandørar på eit konkurransemessig grunnlag i ein situasjon med fleire tenesteytarar.
20. Det må sytast for ei skjønnsam jamvekt mellom det å støtte felles krav og å halde ved lag nasjonale særtrekk i samband med alle tiltak som skal sikre samverknadsevne mellom og tilgang til slike nett.
21. Det bør difor setjast i verk tverrgåande tiltak og åtgjerder for å sikre samverknadsevne mellom slike nett.
22. I samsvar med nærleiksprinsippet og prinsippet om rimeleg samhøve slik det er nemnt i artikkel 5 i traktaten, kan ikkje målet med iverksetjinga av slike tverrgåande tiltak og åtgjerder nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane, og kan difor på grunn av omfanget eller verknadene av det fram-

²⁷⁾ TEF L 93 av 26.4 1995, s. 27.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- lagde tiltaket, betre nåast på fellesskapsplan. Det framlagde tiltaket går ikkje lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet.
23. Gjennomføringa av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet og assosieringsavtalene med Det europeiske fellesskapet krev ein høg grad av samverknadsevne innanfor og mellom dei aktuelle telematikknetta.
 24. Telematikknett og elektronisk kommunikasjon har ein ibuande internasjonal dimensjon.
 25. Dei tiltaka som tek sikte på å sikre samverknadsevna til telematikknetta mellom forvaltningar, er i samsvar med dei prioriteringane som er vedtekne i samband med retningslinjene for transeuropeiske telenett.
 26. Det er sett i verk tiltak i samsvar med rådsavgjerd 95/468/EF av 6. november 1995 om fellesskapstøtte til telematisk datautveksling mellom administrasjonar i Fellesskapet (IDA) ²⁸⁾
. Domstolen oppheva avgjerd 95/468/EF 28. mai 1998. Verknadene av dei tiltaka som Kommisjonen har gjort på grunnlag av denne avgjerda før ho vart oppheva av Domstolen, vert haldne ved lag.
 27. I denne avgjerda er det fastsett ei finansiell ramme som i medhald av punkt 1 i fråsegna frå Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen av 6. mars 1995 ²⁹⁾
er det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga -

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

Verkeområde og mål

1. Fellesskapet skal vere verksamt på området transeuropeiske telematikknett for forvaltningar og gjere dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, og som har følgjande mål:
 - a) oppnå ein høg grad av samverknadsevne innanfor og mellom ulike forvaltingssektorar og eventuelt med den private sektoren, mellom telematikknett i medlemsstatane og mellom Fellesskapet og medlemsstatane med sikte på å støtte skipinga av Den økonomiske og monetære unionen og å gjennomføre den fellesskapspolitikken og dei fellesskapstiltaka som er nemnde i artikkel 3 og 4 i traktaten, samstundes som det vert teke omsyn til det arbeidet som alt er sett i gang innanfor eksisterande program i Fellesskapet eller i medlemsstatane,
 - b) føre saman slike nett til eit felles telematikkgrensesnitt mellom Fellesskapet og medlemsstatane,
 - c) oppnå vesentlege føremoner for forvaltningane i medlemsstatane og for Fellesskapet ved å rasjonalisere drifta, redusere vedlikehaldet, auke framdrifta med omsyn til skiping og utvikling av nett, oppnå ei datautveksling som i det store og heile er sikker og påliteleg, i tillegg til å oppnå betre kostnadseffektivitet, skjønsemd, fleksibilitet og evne til å

²⁸⁾ TEF L 269 av 11.11 1995, s. 23.

²⁹⁾ TEF C 102 av 4.4 1996, s. 4.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- tilpasse seg den teknologiske utviklinga og marknadsutviklinga ved skiping og drift av slike nett,
- d) sikre at industrien i Fellesskapet og borgarane i Den europeiske unionen kan nytte seg av dei føremonene som er nemnde i bokstav c),
 - e) fremje spreidinga av best mogleg praksis og oppmuntre til utvikling av nyskapande telematikk-løysingar i forvaltningane.

2. Denne avgjerda er ein del av IDA-programmet.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne avgjerda tyder

- a) «telematikknett» eit omfattande datakommunikasjonssystem som ikkje berre femner om fysisk infrastruktur og koplingar, men òg om dei tenesene og brukarprogramma som byggjer på denne infrastrukturen og såleis gjer det mogleg med elektronisk informasjonsutveksling mellom organisasjonar og einskildpersonar,
- b) «sektornett» eit transeuropeisk telematikknett for forvaltningar, eller eit sett tenester og brukarprogram som er særskilt meint for å setje i verk eller lette den forvaltingsmessige gjennomføringa av ein særskild fellesskapspolitikk, eit særskild fellesskapstiltak eller eit særskild fellesskapsmål, heretter kalla ein «forvaltingssektor»,
- c) «allmenne tenester» telematikknettfunksjonar som stettar felles brukar krav som t.d. datainnsamling, dataformidling, datautveksling og dessutan tryggleik. Kjenneteikna til kvar teneste skal vere klart gjort greie for og kunne vise til eit visst kvalitetsnivå.

Artikkel 3

Tverrgående tiltak og åtgjerder

1. For å nå dei måla som er fastsette i artikkel 1, skal Fellesskapet setje i verk dei tverrgående tiltaka og åtgjerdene som er fastsette i artikkel 4-10, til støtte for sektornett og i samsvar med IDA-arbeidsprogrammet.
2. For kvart tiltak eller kvar åtgjerd som er planlagd i medhald av denne avgjerda, skal IDA-arbeidsprogrammet innehalde, alt etter kva som høver:
 - ei fullstendig utgreiing om dei planlagde tiltaka, medrekna mål, verkeområde, grunngjeving og moglege deltakarar, i tillegg til forventade kostnader og føremoner,
 - ei fullstendig utgreiing om funksjonar og teknisk metode, og
 - ein detaljert plan for gjennomføringa av tiltaket, saman med opplysningar om kvar einskild oppgåve og om rekkjefølgja deira.
3. Gjennomføringa av dei tverrgående tiltaka og åtgjerdene skal omfatte føregranskingar og førehandsdemonstrasjonar, skiping av arbeidsgrupper som er samansette av sakkunnige frå medlemsstatane og frå Fellesskapet, og eventuelt innkjøp av varer og tenester til Fellesskapet.
4. Gjennomføringa av dei tverrgående tiltaka og åtgjerdene skal byggje på

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

eigna resultat som er oppnådde innanfor ramma av andre relevante fellesskapstiltak, særleg fellesskapsprogramma for forskning og teknologisk utvikling og fellesskapstiltaka på området transeuropeiske telenett.

5. Tverrgående tiltak og åtgjerder skal ha tilvising til høvesvis europeiske standardar eller offentleg tilgjengelege spesifikasjonar, som t.d. opne internettstandardar, for såleis å sikre ein høg grad av samverknadsevne mellom nasjonale system og fellesskapssystem innanfor og mellom forvaltingssektorar og med den private sektoren. Når det gjeld offentlege innkjøp på området system og tenester innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT), skal det takast særleg omsyn til fellesskapsretningslinjer og støtteverktøy på området standardisering.

Artikkel 4

Allmenne tenester

1. Fellesskapet skal vedta alle dei tiltaka som er naudsynte for at eit høveleg utval av felles allmenne tenester som stettar brukarkrava i sektorane, skal gjerast tilgjengelege for sektornett på eit konkurransemessig grunnlag i ein situasjon med fleire tenesteytarar. Desse tiltaka skal eventuelt omfatte ei vidareføring av eigna tiltak som er gjorde innanfor ramma av avgjerd 95/468/EF.
2. For at brukarar av sektornett skal kunne fastleggje dei tekniske krava sine og gjere tilgjengeleg eit eigna utval av felles allmenne tenester som stettar brukarkrava i sektorane, skal Fellesskapet særleg
 - a) fastleggje retningslinjer for arkitekturen til sektornetta for å sikre samverknadsevne mellom dei ulike fysiske infrastrukturane og tenestene,
 - b) fastleggje og offentleggjere spesifikasjonar for dei allmenne tenestene som vanlegvis er naudsynte i telematikknett mellom forvaltningar, medrekna kvaliteten på tenesta og dei relevante krava til samverknadsevne som vert stilte i ein konkurransesituasjon med fleire tenesteytarar,
 - c) identifisere og/eller spesifisere eigna standardgrensesnitt for å gjere det lettare å overføre og reprodusere nye brukarprogram,
 - d) utarbeide og gjennomføre ei ordning for vurdering og offentleggjering av graden av samverknadsevne mellom dei tenestene som ytarane av telematikktenester tilbyr,
 - e) sikre ei stadig utvikling av dei felles krava og ei jamleg overvaking av telematikktenestene som dei nemnde ytarane tilbyr.

Artikkel 5

Felles verktøy og teknikkar

Fellesskapet skal syte for at felles verktøy og teknikkar for brukarprogram i sektornetta vert skaffa frå marknaden eller utvikla dersom marknaden ikkje på tilstrekkeleg vis kan stette kravet med sikte på å redusere dei samla kostnadene i samband med utvikling av brukarprogram, å rasjonalisere og betre tekniske løysingar, å minske den tida som krevst for å gjennomføre verksame system og å lette vedlikehaldet av systema.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

For dette føremålet skal Fellesskapet identifisere og spesifisere grunnleggjande og tilbakevendande funksjonar innanfor sektornetta som kan danne grunnlaget for felles verktøy og teknikkar eller modular.

Fellesskapet skal òg fremje utviklinga og bruken av slike felles verktøy, teknikkar og modular i sektornett, og særleg syte for å spreie eigna løysingar som er utvikla innanfor eit sektornett.

Artikkel 6

Samverknadsevne for informasjonsinnhald

1. Fellesskapet skal fremje samverknadsevne med omsyn til innhaldet i den informasjonen som vert utveksla innanfor og mellom forvaltingssektorar og med den private sektoren. For dette føremålet, og med atterhald for rettslege krav og krav til tryggleik, datavern og konfidensialitet for brukarane av sektornett, skal Fellesskapet vedta føremålstenlege tiltak, særleg med tanke på å
 - a) støtte innsatsen til forvaltningane i medlemsstatane for å sikre denne samverknadsevna, lette dei forvaltingsmessige framgangsmåtane og betre informasjonsstraumane,
 - b) samordne krava til sektornetta med omsyn til utveksling av formatert informasjon, og sikre spreininga av eigna løysingar,
 - c) overvake den aktuelle tekniske utviklinga på området elektronisk dataoverføring, medrekna nyskapande verktøy for innsamling og presentasjon av data, granske verknaden deira og oppmuntre til at dei vert innførde i sektornetta.
2. Med omsyn til nr. 1 skal løysingar som lettar samverknadsevna mellom ulike meldingsformat, gjevast førerang framfor utvikling av harmoniserte meldingsformat, men utan å utelukke den sistnemnde løysinga. Det skal takast tilbørleg omsyn til det språklege mangfaldet i Fellesskapet.

Løysingar som gjer det lettare for privat sektor å integrere forvaltingsmessige krav i forretningsverksemd, skal òg gjevast førerang.

Artikkel 7

Referansegrunnlag for rettsleg og tryggleiksmessig praksis

Utan at det rører ved kompetansen og dei særskilde pliktene til medlemsstatane på dei områda som kjem inn under denne artikkelen, skal Fellesskapet medverke til å identifisere dei hindringane som hemmar ei jamn datautveksling mellom nettbrukarar, og sikre ein høveleg grad av tryggleik innanfor sektornetta. Fellesskapet skal særleg

- a) i samarbeid med medlemsstatane og med sikte på å fremje ein felles framgangsmåte, identifisere referansegrunnlaget for rettsleg og tryggleiksmessig praksis for transeuropeisk datautveksling mellom forvaltningar og mellom forvaltningar og den private sektoren,
- b) gje høvelege tilrådingar for å støtte innsatsen til medlemsstatane når det gjeld å nytte den praksisen som er nemnd i bokstav a), innanfor deira eige

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

- forvaltingsmiljø,
- c) med omsyn til sektornett og i samsvar med den praksisen som er nemnd i bokstav a): sikre at data som er utveksla, vert godtekne som prov innanfor forvaltingsmiljøet i Fellesskapet, at det vert innført ein metode for vern av personopplysningar, at rettane og ansvaret til brukarane vert fastlagde, og sikre konfidensialitet, integritet, autentisering og ikkje-nekting av utveksla informasjon, i tillegg til tiltak for å kontrollere tilgangen til netta,
 - d) fastleggje og analysere dei ulike tryggleiksnivåa, alt etter kva type sektornett det dreier seg om og kva som er føremålet deira,
 - e) fastsetje retningslinjer og gjere framlegg om felles løysingar med sikte på å velje og innføre verktøy, komponentar og system som kan sikre dei fastlagde tryggleiksnivåa.

Artikkel 8

Kvalitetstrygging og -kontroll

Samstundes som det vert teke omsyn til resultat frå liknande tiltak, skal Fellesskapet fastleggje, gjennomføre og jamleg ajourføre eit spesifikt, samanhengande, integrert program for kvalitetstrygging som skal nyttast på dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene som høyrer inn under denne avgjerda, og på prosjekt av felles interesse som høyrer inn under europaparlaments- og rådsvedtak nr. 1719/1999/EF av 12. juli 1999 om eit sett retningslinjer, medrekna fastlegging av prosjekt av felles interesse, på området transeuropeiske nett for elektronisk datautveksling mellom forvaltningar (IDA)³⁰⁾. Dette programmet for kvalitetstrygging skal omfatte dei tiltaka som er naudsynte for å

- a) betre metodane for fastlegging av brukarkrav og prosjektspesifikasjonar,
- b) betre kvaliteten på prosjektleveransane, både med omsyn til samsvar med prosjektspesifikasjonane og stetting av forventningane til brukarane,
- c) sikre at det vert teke lærdom av dei røynslene som er gjorde, og at dei kjem alle til gode gjennom spreiiing av best mogleg praksis slik det er fastsett i artikkel 10.

Artikkel 9

Samverknadsevne i høve til nasjonale og regionale initiativ

Ved gjennomføringa av IDA-programmet skal Fellesskapet, der det er føremålstenleg, freiste å lette samverknadsevna og overføringsverdien i høve til liknande nasjonale og regionale initiativ med omsyn til datutveksling mellom forvaltningar i medlemsstatane.

Artikkel 10

Spreiiing av best mogleg praksis

1. Fellesskapet skal syte for at synspunkt, fagkunnskap og røynsler vert sam-

³⁰⁾ TEF L 203 av 3.8 1999, s. 1.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

ordna og utveksla innanfor og mellom sektornetta med sikte på å fremje innføringa av gode og nyskapande løysingar.

2. Det skal takast tilbørleg omsyn til det språklege mangfaldet i Fellesskapet. Fellesskapet skal syte for at resultatane av og føremonene med IDA-programmet vert gjorde kjende, at retningslinjer for og tilrådingar om IDA vert spreidde og at krava og røynsleane til brukarane vert samordna med standardiseringsorgan og fellesskapsinitiativ på området standardisering.

Artikkel 11

Gjennomføring

1. Kommisjonen skal gjennomføre det fellesskapstiltaket som er fastsett i artikkel 3-10.
2. Den delen av IDA-arbeidsprogrammet som omfattar gjennomføring av denne avgjerda, og som Kommisjonen skal utarbeide for heile det tidsrommet som avgjerda gjeld, og som skal vurderast på nytt minst to gonger i året, skal godkjennast i samsvar med dei relevante føresegnene i artikkel 3-10 etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 12.
3. Dei felles reglane og framgangsmåtane for innføring av samverknadsevne på det tekniske og forvaltingsmessige området skal vedtakast i samsvar med den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 12.
4. Framgangsmåten i artikkel 12 skal likeins nyttast på godkjenning av fordelinga av dei årlege budsjettutgiftene innanfor ramma av denne avgjerda. Eventuelle framlegg om budsjettendringar på meir enn 250 000 euro per prosjektområde gjennom eit år, skal òg handsamast etter denne framgangsmåten.
5. Dei tekniske spesifikasjonane for tilbodsinnbydingar som skal utferdast under gjennomføringa av denne avgjerda, skal fastleggjast i samordning med medlemsstatane dersom kontrakten er verd meir enn 500 000 euro.

Artikkel 12

Utvallsframgangsmåte

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval som er samansett av representantar for medlemsstatane og vert leidd av ein representant for Kommisjonen. Dette utvalet skal kallast «Utvalet for telematikk mellom forvaltningar» (TAC).
Leiaren skal leggje fram for utvalet eit utkast til tiltak som skal gjerast. Utvalet skal kome med ei fråsegn om utkastet innan ein frist som leiaren kan fastsetje etter kor mykje saka hastar. Fråsegna skal gjevast med det fleirtalet som er fastsett i artikkel 205 nr. 2 i traktaten, for avgjerder som Rådet skal ta etter framlegg frå Kommisjonen. Ved røysting i utvalet skal røystene til representantane for medlemsstatane ha den vekt som er fastsett i den førnemnde artikkelen. Leiaren skal ikkje røyste.
Kommisjonen skal vedta tiltak som skal setjast i verk straks. Dersom tiltaka ikkje er i samsvar med fråsegna frå utvalet, skal Kommisjonen straks gje Rådet melding om dei.
I slike høve skal Kommisjonen utsetje iverksetjinga av dei tiltaka som han

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

har vedteke, i tre månader rekna frå den dagen då meldinga vart gjeven. Rådet kan med kvalifisert fleirtal ta ei anna avgjerd innan den fristen som er fastsett i førre leddet.

2. Kommisjonen skal kvart år leggje fram for TAC ein rapport om gjennomføringa av denne avgjerda.

Artikkel 13

Vurdering

1. Kommisjonen skal annakvart år og i samordning med medlemsstatane gjere ei vurdering av gjennomføringa av denne avgjerda.
2. Vurderinga skal slå fast kva framsteg som er gjorde med omsyn til dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene som er fastsette i denne avgjerda. I lys av dei utgiftene som Fellesskapet har hatt, skal vurderinga òg omfatte ei gransking av dei føremonene som dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene har tilført Fellesskapet, medlemsstatane, europeiske føretak og borgarane i Den europeiske unionen, i tillegg til ei fastlegging av område der det kan gjerast betringar og ei vurdering av overføringsverdien i høve til andre fellesskapstiltak på området transeuropeiske telekommunikasjonsnett.
3. Etter at TAC har granska henne, skal Kommisjonen sende vurderinga si over til Europaparlamentet og Rådet saman med eventuelle høvelege framlegg til endring av denne avgjerda. Vurderingane skal ikkje sendast over seinare enn budsjettframlegga for høvesvis 2001, 2003 og 2005.

Artikkel 14

Utviding til EØS og assosierte statar

1. Innanfor ramma av dei avtalene som dei har med Det europeiske fellesskapet, kan statane i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, dei assosierte statane i Sentral- og Aust-Europa og Kypros ta del i dei tverrgåande tiltaka og åtgjerdene som er fastsette i denne avgjerda.
2. I samband med gjennomføringa av denne avgjerda skal det oppmuntrast til samarbeid med tredjestatar og eventuelt med internasjonale organisasjonar eller organ.

Artikkel 15

Finansiell ramme

Den finansielle ramma for gjennomføringa av det fellesskapstiltaket som er fastlagt i denne avgjerda, er 33,1 millionar euro for tidsrommet 1998-2000.

Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

Om samtykke til godkjenning av avgjerd i EØS-komiteen nr. 100/2000 av 10. november 2000 om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om deltaking frå EFTA/EØS-statane i Fellesskapet sitt program for forvaltingsnett (IDA-programmet)

Artikkel 16

Iverksetjing

Denne avgjerda vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*. Ho tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord og gjeld fram til 31. desember 2004. Utferda i Brussel, 12. juli 1999.

<i>For Europaparlamentet</i>	<i>For Rådet</i>
J. M. GIL-ROBLES	S. NIINISTÖ
<i>President</i>	<i>Formann</i>
